



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Rådmann	Sveinung Toft
	Arkivnr.: 16/206	Klassering:

### **Framlegg til regional planstrategi 2016 - 2020 - utviklingsplan for Hordaland - høyring 2015/7064**

Masfjorden kommune viser til saksutgreiinga og ber om at Utviklingsplan for Hordaland – regional planstrategi 2016 – 2020 også fangar opp **at det skal vera attraktivt å bu og leva i alle deler av Hordaland.**

Vidare ber ein om at det vert definert langsiktige strategiar i plandokumentet for å redusere avstandsulempar for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot nabofylker.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Bakgrunn og fakta:**

Hordaland fylkeskommune har i brev av 31.05.2016 sendt ut framlegg til regional planstrategi for 2016 – 2020 – utviklingsplan for Hordaland ut på høyring med frist for merknad den 15.09.2016.

Det vert i framlegget, sjå vedlegg, først vist til korleis arbeidet har vore organisert, og korleis ein har kome fram til følgjande fire hovudmål for perioden, som er:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Under kvart av hovudmåla vert det definert tre strategiar, som seier nærmare korleis måla skal kunna nåast. I tillegg er det definert følgjande langsiktig mål: **Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.**

I høyringsbrevet ber fylkeskommunen om synspunkt på innhaldet, og gjer til kjenne at slutthandsaminga skal skje på fylkestinget i desember.

#### **Vurdering**

Planprogrammet fangar etter rådmannen si vurdering opp mange viktige utfordringar som Hordaland har, og planen kan slik den no ligg føre, vera eit godt dokument for å dekkja desse. Det er likevel viktig å få fram at situasjonsbiletet om kva som er viktig varierer i høve kor ein er i Hordaland, og at det for område som Masfjorden og nordlege deler av Nordhordland, og i andre utkantar, også er andre utfordringar som det er ønskjeleg at planstrategien-utviklingsplanen for heile Hordaland fangar betre

opp. Ei stor utfordring for Masfjorden og andre utkantområde i Hordaland er at det vert meir og meir avstandsulementer, når fleire og fleire private og offentlege tenestetilbod vert lagt ned og sentralisert til regionsenter eller til Bergen. Det medfører at tida våre innbyggjarar treng for å få dekkja viktige behov aukar, og det igjen gjer det mindre attraktivt å bu eller å flytta til Masfjorden og andre utkantområde. Eit døme er nedlegging av tannklinikkar, nedlegging av bankfilialar, redusert rutetilbod på kveldstid, varsel/ signal om nedlegging av lensmannskontor og NAV-kontor, og saker om nedlegging av vidaregåande skular i utkantområda.

Me saknar difor ei målsetting til i dokumentet som seier noko klart om dette, til dømes: **Det skal vera attraktivt å bu og leva i alle deler av Hordaland**, og at det vert definert **langsiktige strategiar** for å redusere avstandsulementer for innbyggjarar som bur i utkanten av Hordaland, og i område som grensar opp mot nabofylker.

Framlegg til strategiar som kan byggje opp under denne målsettinga kan vera:

- Avstandsulementene skal reduserast ved at ein styrkjer kommunikasjonane til alle deler av fylket.
- Viktige offentlege tenestetilbod skal fordelast jamt ut over i heile fylket, for å byggja opp under attraktiviteten også i utkantane, og for å avgrensa avstandsulementene som gjer seg gjeldande.
- Det skal inngåast partnerskapsavtale mellom fylkeskommunen og staten for å sikra eit forpliktande samarbeid om oppretthalding og vidareutvikling av statlege tenestetilbod i alle deler av fylket.

## Konklusjon

Planstrategidokumentet bør drøfta og fanga opp utfordringar som gjeld avstandsulementer i fylket, og korleis ein på ein god og langsiktig måte kan styrka attraktiviteten til utkantområda i Hordaland.

## Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost